

**KONTROLLUTVALET
I GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 12.05.2020 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus,
beredskapsrommet

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Inger

Johanne Sund

= 5 voterande

Ordførar Harry Valderhaug deltok på heile møtet. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Marianne Stokkereit. Økonomisjef Ann Kristin Thu deltok fram til sak 11/20.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Knut Gunnar Alnes, revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent. Det vart meldt inn 2 saker til «Eventuelt».

Sak 08/20 Meldingar.

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Meldinga frå revisor om forenkla etterlevingskontroll blei tatt til vitande.

Sak 09/20 Godkjenning av møtebok frå møte 20.04.2020.

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå 20. april 2020 vart godkjent.

Sak 10/20 Årsmelding 2019 Giske kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Giske kommune til orientering.

Sak 11/20 Årsrekneskap 2019 Giske kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval sin uttale til kommunestyret:

Giske kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Sak 12/20 Risiko- og vesentlegvurdering – innspel og diskusjon i kontrollutvalet.

Sakspapir frå sekretariatet datert 5. mai 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: *Analyse/årsak til avvik innanfor grunnskolenes informasjonssystem, kvalitetssikring av bygge-/sakshandsaming i teknisk sektor, samanlikne KOSTRA-tal mellom Giske kommune, kommunegruppe 10 og landet, og samanlikne ressursbruken i Giske-skolane.*

Eventuelt:

1. Leiar Dag Oksnes delte ut eit notat kring spørsmålet om skatteinntekter frå arbeidskraft frå utlandet. Ordførar Harry Valderhaug orienterte om eit initiativ mot lokalt næringsliv for å undersøkje om dette er ei reell problemstilling i Giske kommune. Kontrollutvalet vil vente på svar frå dette før ein eventuelt går vidare med saka.
2. Sekretariatet tok opp spørsmålet om det var ønskjeleg å få laga eit oppdatert reglement for Giske kontrollutval. Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal orienterte kort om dette. Kontrollutvalet bestemte å be om ei slik sak til sitt neste møte.

Møtet var slutt kl. 15.15

Dag Oksnes leiar (sign.)	Asbjørn Furnes nestleiar (sign.)	Herman R. Blindheim medlem (sign.)	Sissel Anita Roald medlem (sign.)	Inger Johanne Sund medlem (sign.)
--------------------------------	----------------------------------------	------------------------------------------	-----------------------------------------	-----------------------------------------